



Rune Alver er ein kjend og kjær pianist frå Alversund.

FOTO: LAWO CLASSIC

Alver har børsta støv av 100 år gammal musikkskatt

Med CD-en «Et kjærighetsdikt» har pianisten Rune Alver gravd opp att musikkskatten til Catharinus Elling (1858–1942).


Folkemesamlaren og komponisten Catharinus Elling er i våre dagar så å seia gløymd. Den viktigaste grunnen til det, er motstanden frå puritanarane i folkemusikkmiljøet. Årsaka? Elling droppa kvart-tonane, tonane mellom halvtonar, for å "stille Melodien ordentlig paa Benene" som han sa.

FAKTA ► RUNE ALVER

- Rune Alver har lang fartstid som utøvar av Griegs musikk på Edvard Grieg Museum Troldhaugen.
- Han driv omfattande konsertverksamhet som solist og kammermusiker med konsertar i mange europeiske land i tillegg til Kina og Sør-Afrika. Nyleg debuterte han med solorecital i Carnegie Hall, New York.
- Han har spelt inn ei rekke kritikkaroste CD-ar, deriblant musikk av Edvard Grieg, likeins den komplette klaverproduksjonen av dei norske komponistane Johannes M. Rivertz og David Monrad Johansen.

Folkemelodiar

– Kjennskapen min til Catharinus Elling starta for sju år sidan i samband



Catharinus Elling.

med nokre konsertoppdrag for Nasjonalbiblioteket. Eg vart spurd om eg kunne laga ulike konsertprogram med musikk frå det rikhaldige arkivet deira. Dette blei startskotet for mi sterke interesse for nettopp denne komponisten, seier Rune Alver i ei pressemelding.

På CD-en finst alle Elling sine folke-

melodiar som han sette ut for klaversolo, men også for ei rekke andre verk med nær tilknyting til klassisk europeisk musikktradisjon. Innspelinga inneheld 38 titlar.

Ein sann fryd

– Eg gjekk gjennom alt materialet hans for klaver. Eg har saumfare alle tilgjelege kjelder og i periodar vore stamgjest på Bergen bibliotek og Nasjonalbiblioteket. Det er ein sann fryd å bli kjent med denne musikken, innstuderaden og framføra den, fortel Alver. På oppdrag frå Stortinget skreiv Elling ned 1400 folketonar. Stortinget instruerte han også om å leggja folketonane til rette for framføring. Gjennom sin omfattande innsats er det få som har betydd meir for norsk folkemusikk enn Catharinus Elling.

LISE VIKEN

Medaasprisen til Kari Bremnes

– Ho er ein historieforteljar av internasjonalt format.

Kwart år sidan år 2000 har Medaasprisen blitt delt ut og i år er det viseartisten Kari Bremnes frå Lofoten som får prisen.

– Ho er ein historieforteljar av internasjonalt format. Men vi er aldri i tvil om kor ho høyrer heime. Den store spennvidda i uttrykk og inspirasjon har på forunderleg vis gitt henne ei scene som berre tilhøyrer henne, seier styreleiar i Medaaspris-

komitéen Solrun Toft Iversen i ei pressemelding.

Prisen er meint å heidra utovande kunstnarar som i Ivar Medaas si ånd tek utgangspunkt i lokale musikalske tradisjonar og som brukar eigen dialekt. Mellom tidlegare vinnarar finn me Odd Nordstoga, Claus Sellevoll, Jon Eikemo, Sigrid Moldestad og Lars Lillo-Stenberg.

Medaasprisen er ein bronseplakett av Os-kunstnaren Arne Mæland og 25.000 kroner. Prisen vert delt ut på Den Nationale

Scene den 7. oktober.

I tillegg til Kari Bremnes, vil ei rekke andre artistar medverka på den tradisjonsrike Medaaspriskonserten.

ERLEND NORDLAND KRISTIANSEN
erlend@strilen.no

Kari platedebuterte i 1987 som soloartist med «Mitt ville hjerte». Tre år seinare skreiv ho sin første tekst – «Københavnerkneipe» – om ei nordnorsk jente fortapt i metropolen.

FOTO: STIAN ANDERSEN



TIDLEGARE VINNERAR AV MEDAASPRISEN

- Lars-Lillo Stenberg (2018)
- Vamp (2017)
- Sigríð Moldestad (2016)
- Jon Eikemo og Herborg Krákevik (2015)
- Salhusvinskvetten (2014)
- Claus Sellevoll (2013)
- Jan Eggum (2012)
- Færsgespill (2011)
- Helge Jordal (2010)
- Øystein Sunde (2009)
- Olav Stedje (2008)
- Jan Arvid Johansen (2007)
- Arne Bøe (og Heimallanné) (2006)
- Odd Nordstoga (2005)
- Unni Levlid (2003)
- Sturla Eide Sundli (2002)
- Linda Røyseth (2001)
- Linda Fosse Hagen (2000)